



# SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	05.12.2018	066/18

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Odd Inge Vestbø	N - 709	18/1321

## **Delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken - Uttale frå Etne kommune**

### **F- 066/18 Vedtak:**

**Framleggget frå Ap, Sp og Krf vart vedteke 6 (Ap, Sp, Krf) røyster mot 1 (Frp) røyst  
Uttale frå Etne kommune til delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken.**

1. Kvinnheradpakken legg opp til å krevja inn pengar på ferjestrekka Skånevik – Utåker til vegprosjekt i Kvinnherad. Etne kommune er svært skeptisk til at Kvinnheradpakken vil krevje inn pengar frå ei ferje i vår kommune utan at Etne kommune blir involvert. Det er viktig at berørte kommunar blir med i prosessen tidleg. Etne kommune ber Statens vegvesen sjå på rutinane slik at det vert tid til ein full høyningsrunde i bompengesaker, før saka får lokalpolitisk handsaming. Både kostnadar og tiltak i bompengepakkar påverkar innbyggjarane i nabokommunane, og dei bør få høve til medverknad før vedtak vert gjort. Høyningsrundane bør i tillegg vere breiare enn gjeldande praksis, og alle nabokommunar og regionråd bør få saka til høyring. Etne kommune viser til **Handbok for bompengeprosjekter»: 2.3** og kan ikkje sjå at saksgangen er i tråd med den.

2. Ferja frå Utåker/Matre leier til Skånevik sentrum i Etne kommune. Der held Fv 48 Skånevik – Håland(16km) fram til E134. Dette er kortaste veg til E 134 for dei fleste i Kvinnherad. Vegen har dårlig standard. Vedteken **Kommunedelplan for tunnel Skånevik- Etne (2008)** var i si tid eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Etne kommune og Vegvesenet. Tunnellen skulle gi oss den naudsynte løysinga både lokalt og regionalt. I 2012 bad Hordaland fylkeskommune Etne kommune om å leggje den vedtekne planen bort. Det skulle ikkje lenger byggjast slike prosjekt. Hfk oppmoda om strekningsvise oppgraderingar av Fv 48 og lova pengar dersom planen blei lagt bort. Fleirtalet i Etne kommunestyre gjorde vedtak i tråd med dette og forventningane til framdrift var store.

Vedtak i **Hordaland fylkesting RTP 2012: Fv 48 – Etne/Skånevik:** Etter dialog med fylkeskommunen, understrekar kommunestyret i Etne behovet for planmidlar for nærmare utgreiing av 0-alternativet, med nokre justeringar. Kommunestyret har vedteke å gå vidare med ei alternativ løysing med opprusting av eksisterande Fv 48 over Håland med to kortare tunnelar. Denne løysinga gjer det også mogleg å oppruste i etappar. Kommunen har forskotert 15 mill. kr til fortau langs Fv 34 i Skånevik.

Statens vegvesen er snart ferdig med reguleringsplan Fv 48 Skånevik- Flesjå etter oppdrag frå fylkeskommunen. Det er eit komplisert arbeid over ei kortare strekning. Kostnaden på planarbeidet er rundt 1 mill. Det er så langt ikkje løyvd pengar til å realisera den strekningsvise utbetringa og det står att planarbeid for om lag 12 km av parsellen Skånevik-Håland. Vegeigar er Hordaland fylkeskommune. Reguleringsplanen er snart klar. Kva er då planen til fylkeskommunen?

3. Ferja Skånevik – Utåker/Matre er Etne kommune sitt trafikknutepunkt mot Hordaland. Fv 48, ferje og snøggbåt i Skånevik er dagens «Sunnhordlandsdiagonal». Den bind saman Fv48 gjennom fylket til E 134. Etne kommune er redd for at bompenge-innkrevning på ferjestrekka Skånevik – Utåker kan føre til endring av det etablerte trafikkmönsteret i området, i det felles arbeidsmarkedet Kvinnherad/Egne. Etne kommune reknar med at trafikken over Skånevik – Matre vil auke som følgje av at det ikkje skal vera bompengar der. Vegen Matre - Omvikdedalen i Kvinnherad er utfordrande - særleg vinterstid – og mindre trafikksikker enn strekka frå Utåker.

4. Fylkesvegnettet i Kvinnherad kommune er fleire stadar i dårleg stand. Etne kommune har forståing for at det blir sett i verk tiltak for å betra situasjonen. Innretninga på pakken opnar opp mot nord og aust, medan sør og vest blir stengd av med bompengar. Det er uheldig at bompengeinkrevjinga på ferjene skaper ein avisingseffekt på trafikken internt i Sunnhordland, med dei konsekvensar det vil ha for næringslivet sitt høve til å ta oppdrag og ferdsel mellom kommunane elles. Tilsvarande effekt gjer seg ikkje gjeldande for trafikken mellom Kvinnherad og Hardanger. Etne kommune meiner det utfordrar nytteprinsippet med ein «lekkasje» i bompengesystemet mellom Kvinnherad og kommunane Jondal og Odda, ettersom reisande til og frå desse kommunane nyttar prosjekta i pakken utan å bidra med bompengar. I denne delen av Kvinnherad er det store, viktige prosjekt som vil bli løyste ved rassikringsmidlar og bompengar. Likskap for reisande mellom Kvinnherad og dei ulike nabokommunane tilseier at det bør setjast opp ein bomstasjon som dekkjer trafikk til og frå Jondal og Odda.

5. Kvinnheradpakken fører til at Etne kommune ikkje får høve til bompengeinkrevning på ferja for tiltak på Fylkesveg 48 i Etne kommune på minst 15 år. Kvinnherad kan såleis ta ifrå eller redusere sjansane for Etne kommune til å nytte slik finansieringmodell. Dersom planen blir vedteken, vil det vera naturleg at Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune i neste omgang støttar liknande tiltak frå nabokommunane.

**Sjølv om nettobidraget frå bompengeinntektene på ferja ser ut til å bli lågt, ber Etne kommune om at 50 % av inntektene går til realisering av prosjektet Skånevik- Flesjå. På Fv 48.**

**I tillegg ber Etne kommune om at strekninga Fv 48 Skånevik- Håland blir prioritert av Hordaland fylkeskommune i tråd med tidlegare avtalar.**

Det er ønskjeleg å få vegvesenet si vurdering av konsekvensane for trafikkgrunnlaget på ferjestrekka Skånevik – Utåker/Matre.

Etne kommune ser ikkje at prosessen er i tråd med Statens vegvesen si «Handbok for bompengeprosjekter»:

*2.3 Bompengeprosjekter utenfor byområder. 2.3.1 Forhåndsvurdering/ mulighetsstudie.  
Det skal være lokalpolitisk tilslutning til bompengeprosjekter som fremmes for behandling i*

*Stortinget. ....*

*For å få grunnlag for å vurdere om det er realistisk å foreslå at et prosjekt gjennomføres som et bom- pengeprosjekt bør det gjennomføres en forhåndsvurdering/-mulighetsstudie.*

*Dersom mulighetsstudien tilsier at et bompengeprosjekt er gjennomførbart, skal den framlegges til behandling i berørte kommuner og fylkeskommuner med sikte på å få lokalpolitiske prinsippvedtak om å utrede en bom- pengeordning nærmere.*